

Miljørappport 2010

Klimaplan for Hordaland er vedteken som regional plan. Arbeidet med miljøsertifisering av einingane er godt i gang. Arbeidet med forvaltingsplan for vassregion Hordland er starta opp. Fylkeskommunen er frå 2010 styringsmakt for tildeling av akvakulturløyve.

Miljø og klima generelt

- Klimaplan 2010 – 2020 vart vedteken som regional plan av fylkestinget i 2010. Måla i klimaplanen er i samsvar med nasjonale mål i klimaforliket på Stortinget. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg.
- Arbeidet med forvaltingsplan for vassregion Hordaland starta i 2010 og skal vere ferdig i 2015, og gjelde frå 2016 – 2021.
- Fylkeskommunen er frå 2010 styringsmakt for akvakulturløyve, vassregion Hordaland og haustbare artar av vilt og innlandsfisk.
- Ved utgangen av 2010 var 10 einingar og 5 konferansar i fylkeskommunen sertifisert som Miljøfyrtårn. 10 tannklinikkområde, 7 skular og fylkeshuset er inne i prosessen med miljøsertifisering. 34 nye einingar startar i januar 2011. Talet på Miljøfyrtårn kommunar i fylket har auka frå 13 til 27 i 2010.
- 43 % av Hordaland fylkeskommune sine hovudleverandørar er miljøsertifiserte, og leverer meir enn 1 000 miljømerka produkt.

Tenestereiser og bruk av videokonferanse

Tenestereiser med fly var 3,6 mill km i 2010, tilsvarende 90 gonger rundt ekvator. Dette er ein nedgang på 10 % frå 2009.

Tenestereiser med bil var 1,7 mill km i 2010, tilsvarende 42 gonger rundt ekvator. Dette er ein nedgang på litt over 4 % frå 2009.

1.12.2010 vart nye reglar for tenestereiser innført. Ein bør nytte videokonferanse framfor å reise, og vurdere miljøvenlege alternativ ved reiser. Det vart etablert tre rom med videokonferanseutstyr i fylkeshuset og gitt opplæring i bruk av utstyret.

For 2010 er det for første gong utarbeidd miljørekneskap for dei einkilde einingane i fylkeskommunen. Dette vil bli nytta som verktøy ved miljøstyring i organisasjonen.

Energiforbruk

Totalt forbruk til stasjonære energiformål i fylkeskommunale verksemder auka med 14,7 % frå 2009 til 65,9 GWh. Dette skuldast ein kald vinter 2009/10.

Oppvarming med olje auka frå 3,9 % til 9,6 %. Klimaomsyn talar for at ein bør ha fleire styringskriteria enn pris for dei 19 skulane som kan velje mellom el og olje som energikjelde. I tonn CO₂ er auken i klimagassutslepp frå oljefyring berekna å ha vore like stor som auken frå kollektivtrafikken, sjølv om kollektivtrafikken i sum slepp ut 26 gonger meir CO₂ enn fylkeskommunale bygg.

Sentralt energioppfølgingsystem er etablert. Det skal opprettast ei 100 % stilling ved eigedomsseksjonen for å nytte systemet for ENØK formål.

Papirforbruk

I 2010 vart det kjøpt inn 113 tonn kopipapir, om lag det same som i 2009. Frå 2008 har nedgangen i forbruket jamvel vore på 39 %. Kjøp av toalett- og tørkepapir var i 2010 på 74,3 tonn, ein nedgang på 36 % frå 2009. 70% av papiret er svanemerka.

Avfall

Det vart levert 661 tonn kjeldesortert avfall til materialgjenvinning og 942 tonn restavfall til energigjenvinning. Kjeldesorteringsgrad var 41,3%.

Klimarekneskap

I 2010 var direkte utslepp av CO₂ frå fylkeskommunal oppvarming og reiseverksemd med fly og bil til saman 2 990 tonn.

Den største delen av CO₂-utsleppa kjem frå kollektivtrafikken. Drivstofforbruket i kollektivtrafikken i Hordaland i 2010 var på 22 millionar liter, med eit CO₂-utslepp på 58 534 tonn, ein berekna auke frå 2009 på 3,1 %.

		Sum utslepp frå kollektivtrafikk	Sum utslepp frå drift ¹	Oppvarming med fyringsolje	Kjøring med bil i teneste	Flyreiser
CO ₂ -utslepp, kg	2009	48 599 174	1 602 094	804 404	275 637	521 468
	2010	58 533 747	2 989 734	2 246 490	264 136	479 108
Endring 2009-2010	kg	1 442 720 ²	1 387 640	1 442 086	-11 501	-42 360
	%	3,1 % ²	87 %	179 %	-4 %	-8 %

Oppsummering av forbruk/CO₂-utslepp. ¹ Utslepp i forbindelse med anna aktivitet er ikkje medrekna. ² Endring i det samla CO₂-utsleppet frå kollektivtrafikken er rekna utan 1,9 mill. dieselliter gass hjå Tide i 2010, og utan tal frå Nobina (tidl. Concordia) i 2009 og 2010. Sjå Miljørappport 2010 – Hordaland fylkeskommune (AUD-rapport nr. 3-2011) for meir detaljar